



Statens vegvesen Region vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

[firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

Dato: 30.09.2014  
Vår ref.: 2014/19794-4  
Saksbehandlar: bjomidt  
Dykkar ref.: 2010/070255-042

## Takstsøknad Askøypakken - uttale

Fylkesutvalet handsama 24.9.2014 sak 218/14 «Takstsøknad Askøypakken- uttale» - og gav slik uttale:

«1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavlege takstane frå bompengesøknaden og St.prp 197 S (2012-2013).

2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.»

Vedlagt følgjer saksframlegg og saksprotokoll.

Thorbjørn Aarethun  
Seksjonsleiar

Bjørn Inge Midtgård  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Arkivnr: 2014/19794-1  
 Saksbehandlar: Bjørn Inge Midtgård

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Samferdselsutvalet	83/14	16.09.2014
Fylkesutvalet	218/14	24.09.2014

### Takstsøknad Askøypakken - uttale

#### Samandrag

Statens vegvesen har i brev frå 1.7.2014 sendt over takstsøknad frå Askøy Bompengeselskap AS om godkjenning av takstopplegg for Askøypakken, for fylkespolitisk uttale. Askøypakken vart vedteke 5.desember 2013 gjennom Stortinget si handsaming av [Prop. 197 S \(2012-2013\)](#) Delvis bompengefinansiering av Askøypakken i Hordaland, og [Innst. 40 S \(2013-2014\)](#). Vegdirektoratet er takststyresmakt og fattar takstvedtak før innkrevjinga kan starta. Det er venta at innkrevjinga av bompengar kan starta opp i løpet av november 2014. Askøy kommune har enno ikkje gjeve uttale til takstsøknaden. Etter lokalpolitisk og fylkespolitisk uttale går søknaden vidare til Vegdirektoratet for endeleg godkjenning.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden frå Askøy Bompengeselskap AS, under føresetnad om at Askøy kommune sluttar seg til takstsøknaden.
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

#### Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 16.09.2014

Alf Helge Greaker og Inger Ulvund reiste spørsmål om habiliteten sin som styremedlemmer i Askøy bompengeselskap AS

#### Røysting

Utvalet fann samrøystes at Greaker og Ulvund var ugilde

Tor Turøy kom inn som varamann for Alf Helge Greaker.

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

#### Innstilling

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavelige takstane frå

bompengesøknaden og St. prp 197 S (2012-2013).

2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

#### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 24.09.2014**

**Inger Ulvund** gjekk frå som ugild fordi ho er styremedlem i Askøy Bompengeselskap AS. Jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Det var 14 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

#### **Vedtak**

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavelige takstane frå bompengesøknaden og St. prp. 197 S (2012-2013).
2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

#### Vedlegg

- 1 Høyring - takstar Askøypakken
- 2 Takstsøknad for Askøypakken

## Fylkesrådmannen, 13.08.2014

Statens vegvesen har i brev frå 1.7.2014 sendt over takstsøknad frå Askøy Bompengeselskap AS om godkjenning av takstopplegg for Askøypakken, for fylkespolitisk uttale. Askøypakken vart vedteke 5.desember 2013 gjennom Stortinget si handsaming av [Prop. 197 S \(2012-2013\)](#) Delvis bompengefinansiering av Askøypakken i Hordaland, og [Innst. 40 S \(2013-2014\)](#).

Etter lokalpolitisk og fylkespolitisk uttale går takstsøknaden vidare til Vegdirektoratet for endeleg godkjenning. Vegdirektoratet er takststyresmakt og fattar takstvedtak før innkrevinga kan starta. Det er venta at innkrevjinga av bompengar kan starta opp i løpet av oktober 2014.

### Om takstordninga

#### Betalingsystem

Bompengelopplegget, slik det er vedteke i Stortinget, utgjør fire bomstasjonar med einvegs innkrevjing. Dei fire stasjonane vil utgjera ein bomring der all trafikk frå Askøy mot Bergen og all trafikk internt mellom soner på Askøy betalar bompengar:



Bomstasjon nr. 1: Fv 562 Øvre Kleppe, nord for kryss med Kleppevegen, innkrevjing mot sør.

Bomstasjon nr. 2: Fv 562, like nord for Stongafjells-tunnelen, innkrevjing mot sør.

Bomstasjon nr. 3: Fv 563, rampe frå Kleppestø inn mot Askøybrua.

Bomstasjon nr. 4: Fv 563, Florvågvegen, vest for tunnel v/ Strand, innkrevjing mot vest.

#### Takst og rabattsystem

Basert på takstsystemet lagt til grunn i Prop. 197 S (2012-2013) er takstane i takstsøknaden justerte i høve byggekostnadsindeksen fram til forventa innkrevningstidspunkt i oktober 2014. Etter regulering utgjør prisen for lett bil kr. 23,70 og for tung bil kr. 47,40. For å unngå justering av takstane kvart år har selskapet søkt om ein takst for lett bil på kr. 25 og for tung bil på kr. 50.

	Lett bil (tillaten totalvekt t.o.m. 3500 kg)		Tung bil (tillaten totalvekt f.o.m. 3501 kg)	
Rabatt	Forskotsbeløp	Pr passering	Forskotsbeløp	Pr passering
Full pris		25		50
10 %		22,50		45
20 %	2 000	20	4 000	40

Alle køyretøy som har AutoPASS-brikke får 10% rabatt, noko som gjeld i alle nye bompengeprojekt. Selskapet har søkt Vegdirektoratet om at det kan betalast forskottsbeløp på kr. 2000 for lett bil og kr. 4000 for tung bil for å oppnå rabatt på 20% - tilsvarande ordninga i bomringen i Bergen.

#### Passeringstak og fritak

Det er lagt opp til passeringstak for køyretøy med AutoPASS brikke på 30 betalende passeringar per månad. Passeringar utover 30 betalende passeringar per månad er gratis. Enkelte grupper er fritakne frå å betala bompengar jfr. s. 26 i [Håndbok V718 Bompengeprojekter](#)

Timesregel

I løpet av ein time skal det berre betalast for ei passering, uavhengig av kor mange passeringar som er gjennomført.

Rørslehemma

Selskapet har søkt om at det kan gjevast fritak for bompengar for rørslehemma. Fritak for bompengar for rørslehemma gjeld berre for bomringar (punkt 2.3 i takstretningsslinene) og bomringar er lokaliserte til byområde. Grunngevinga for denne avgrensinga er gjeve i brev frå SD til Vegdirektoratet frå 28.8.1992:

*«Samferdselsdepartementet slutter seg til Vegdirektoratets anbefaling i brev av 05.05.92 om at fritaket for funksjonshemmede for betaling av bompenger ikke bør utvides til å omfatte flere prosjekter enn bompengeringer.*

*Departementet mener det er naturlig å avgrense ordningen til bompengeringer da disse er lokalisert i byområder med et forholdsvis godt utbygd kollektivsystem. Fritaket for funksjonshemmede vil da være knyttet til begrunnelsen for fritaket, som er at bevegelseshemmede i liten grad vil kunne velge å bruke kollektivmidler.»*

Askøypakken må vera definert som ein bompengering i eit byområde for at det skal gjevast fritak. Per i dag er det bomringar i Bergen, Kristiansand, Namsos, Oslo/Bærum, Tønsberg, Nord Jæren og på Haugalandet,

**Statens vegvesen si tilråding**

Statens vegvesen Region vest vil tilrå søknaden slik den ligg føre. Når det gjeld fritak for rørslehemma, er det bedt om at Vegdirektoratet vurderer om rørslehemma kan få fritak ut frå den informasjonen om dagens kollektivtilbod som ligg føre.

**Lokalpolitisk handsaming**

Askøy kommune har enno ikkje gjeve uttale til takstsøknaden. Sak om uttale vert fremja i formannskapet 9.september. Rådmannen har gjeve følgjande innstilling:

*«Askøy kommune støtter søknaden fra Bompengeselskapet slik den omtales i høringspapirene.»*

**Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen stør takstsøknaden frå Askøy Bompengeselskap AS, medrekna ønsket om å gje betalingsfritak for rørslehemma i bomstasjonane. Store delar av Askøy kan definerast som eit byområde med eit relativt godt utbygd kollektivtrafikktilbod. Askøypakken er også omtala som ein bomring i Prop.197 S (2012-2013). Fylkesrådmannen meiner derfor at Askøypakken innfrir krava til å kunna gje betalingsfritak for rørslehemma.

## **SAMU - sak PS 83/2014 "Takstsøknad Askøy pakken - uttale"- nye opplysningar.**

### **Bakgrunn**

Formannskapet i Askøy gjorde 9.9.2014 slikt vedtak i sak PS109/14 «Høring på takstsøknad til Askøypakken»:

*«Formannskapet anbefaler ikke takstøkning, men at opprinnelig beløp blir opprettholdt. Askøy kommune ber Askøy bompengeselskap arbeide aktivt for å finne en løsning, slik at de med nedsatt funksjonsevne og som av den grunn må benytte bil, slipper å betale bompenger. Jmf. bompengeringen i Bergen.»*

### **Fylkesrådmannen sine merknader**

Fylkesrådmannen har i sak PS 83/2014 punkt 1. innstilt på at fylkesutvalet sluttar seg til takstsøknaden frå Askøy Bompengeselskap AS, under føresetnad om at Askøy kommune sluttar seg til takstsøknaden. Denne føresetnaden er ikkje gjeldande lenger, då formannskapet i Askøy kommune «anbefaler ikke takstøkning, men at opprinnelig beløp blir opprettholdt». «Opprinnelig beløp» er gjeve i bompengesøknaden og i St.prp 197 S (2012-2013):

*«Takstane er 22,50 kr for lette kjøretøy (tillat totalvekt t.o.m. 3 500 kg) og 45 kr for tunge kjøretøy (tillat totalvekt over 3 500 kg). Det er rekna med at gjennomsnittleg inntekt på 12,70 kr (rekna av alle passerin-gar i innkrevjingsretninga). Takstane er i 2012- prisenivå.»*

I St.prp 197 S (2012-2013) står det at vidare at:

*«Det er føresett at takstane blir justerte i samsvar med prisutviklinga og at takst- og rabattsystemet er i tråd med gjeldande retningslinjer.»*

I bompengepakkar er det vanleg praksis å leggja konsumprisindeksen til grunn ved prisregulering av takstane både før og etter at innkrevinga startar opp. I bompengeprojekt er det vanleg praksis å leggja byggjekostnadsindeksen til grunn før innkrevinga startar og konsumprisindeksen til grunn seinare. Det er mogleg at takstane i Askøypakken må oppjusterast om nokre år, avhengig av inntekt- og kostnadsutviklinga for bompengepakken, om dei planlagde prosjekta i pakken skal realiserast. Men Askøypakken er omfatta av den nye overgangsordninga for rentekompensasjonsordninga for bompengelån (jfr. Prop. 119 S (2013–2014)), noko som vil kunna nyttast til å halda takstane lågare enn dei elles ville ha vore. Fylkesrådmannen meiner at det er viktig med lokalpolitisk oppslutnad om takstane. Fylkesrådmannen rår derfor til at innstillingspunkt 1 i sak PS/83 vert erstatta med eit punkt der ein rår til at takstane ikkje vert auka, men at ein held på dei opphavlege takstane frå bompengesøknaden og St.prp 197 S (2012-2013).

### **Ny innstillig frå fylkesrådmannen:**

1. Fylkesutvalet rår ikkje til at takstane vert auka, men at ein held på dei opphavlege takstane frå bompengesøknaden og St.prp 197 S (2012-2013).

2. Fylkesutvalet legg til grunn at rørslehemma får fritak for betaling i Askøypakken.